

NAUSTDAL KOMMUNE

VEDTAKSPROTOKOLL

Delegert sak

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
DELEGERT SAK PLAN OG NÆRING	18.12.2015	126/15	HM

Avgjerd av: Saksansv .: Henning Malones	Arkiv: K2-K01 Objekt:	Arkivsaknr 10/100
---	--	-----------------------------

SØKNAD OM LØYVE TIL Å KØYRE MED SNØSKUTER I UTMARK I NAUSTDAL KOMMUNE- NAUSTDAL RØDE KORS HJELPEKORPS.

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	22.01.2010	Naustdal Røde Kors Hjelpekorps	SØKNAD OM FORNYING AV LØYVE TIL SCOOTERKØYRING I NAUSTDAL KOMMUNE
3	S	19.02.2010		MOTORFERDSEL I UTMARK - 2010 SCOOTERLØYVE (SØKNADAR)
46	U	08.02.2013	NAUSTDAL RØDE KORS HJELPEKORPS	SØKNAD OM LØYVE TIL Å KØYRE MED SNØSKUTER I UTMARK I NAUSTDAL KOMMUNE - NAUSTDAL RØDE KORS HJELPEKORPS.
45	S	08.02.2013		SØKNAD OM LØYVE TIL Å KØYRE MED SNØSKUTER I UTMARK I NAUSTDAL KOMMUNE-NAUSTDAL RØDE KORS HJELPEKORPS.
81	I	14.12.2015	Naustdal Røde kors	Skuterløyve Naustdal Røde Kors

Saksopplysningar:

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps (NRKH) søker om å få fornya sitt gamle snøskuterløyve som går ut 31.12.15.

Kort historikk : Naustdal Røde kors Hjelpekorps har hatt snøskuterløyve i mange år. Løyvet er etter kvart blitt bygd opp på avtale og vedtak dei hadde med Naustdal kommune datert 24.01.96. Avtalen vart vidare utforma/ justert i seinare vedtak frå kommunen i 2004, 2010 og 2013.

I 2013 (sak 016 / 13) fekk Naustdal Røde Kors Hjelpekorps eit 3-årig løyve med tilhøyrande vilkår.

Naustdal Røde kors Hjelpekorps søker no om løyve til å køyre med snøskuter i utmark i Naustdal kommune , etter same vilkår som løyvet dei hadde for 2013 – 2015.

NRKH skriv i sin søknad kva aktivitet dei driv som omfattar snøskuter :

- Beredskap i påska.
- Oppkøyring av skiløyper på oppdrag frå Instedalen Skianlegg.
- Leigekøyring til hytter og stolar og på oppdrag frå beitenæring m.fl.
- Øvingar i regi av NRKH, Sogn og Fjordane RKH eller Politiet.
- Kjentmannskøyring i dei mest vanlege utfartsområda i kommunen.

NRKH skriv vidare i søknaden at dei er godt kjent med grensene til Naustdal – Gjengedal Landskapsvernområde, og dei særskilde reglane som gjeld innanfor verneområdet.

Vurdering av saka:

Naustdal kommune ser positivt på Naustdal Røde Kors Hjelpekorps sin ressurs og aktivitet . Påskeberedskap , oppkøyring av skiløyper, leigekøyring til hytter og stolar, oppdrag for beitenæring , øvingar og kjentmannskøyring. Denne ressursen til NRKH er viktig å ha tilgang til for eit lokalsamfunn. Dette gjeld både for ålmenta og grunneigarinteressene i kommunen.

Naustdal kommune er kjent med at Naustdal – Gjengedal Verneområdestyre har gjeve eit 3-årig løyve for dei aktivitetar som er aktuelle for Landskapsvernområdet. (arkivkode 2012/482-432.2 , datert 24.11.2015)

Verneområdestyret nemner at kan fleire føremål kombinerast, t.d kjentmannskøyring , transport og løypekøyring så er det ein stor fordel.

Naustdal kommune støttar dette og ynskjer at NRKH ser på moglegheita for å « samkøyre», med det føremål å få samla motorferdselsaktivitet ned .

Vurdering av tiltaket i høve Naturmangfaldlova :

§ 7, dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 skal vurderast og takast omsyn til i samband med søknaden.

- Kunnskapsgrunlaget jf. § 8 er svært godt belyst i samband med tidlegare saker / løyver til Naustdal Røde Kors Hjelpekorps.
 - Førre var prinsippet § 9 : Innehavar av løyvet forpliktar seg til å undersøkje om det er villrein i området. Er det grunn til å tru at det oppheld seg villrein i dalføret, skal det ikkje vere motorisert ferdsel der.
-

- Økosystemtilnærming og samla belastning § 10 : Ved å samordne transport vil ein redusere den samla belastninga. Det vert oppmoda om dialog og samarbeid med andre aktørar for å redusere motorferdsel.
- Kostnader ved miljøforringelse § 11 er uaktuell.
- Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar § 12 er ivaretatt ved at det er ingen terrenginngrep ved oppkøring av løyper på snøføre.

Vedtak:

Med heimel i delegert mynde og i medhald av *Lov om motorferdsel i utmark § 6 (LOV 1977-06-10 nr. 82)* og tilhøyrande *forskrift for bruk av motorkøyrety i utmark og på islagte vassdrag § 3e og 5a (FOR 1988-05-15 nr. 356)* gjev Naustdal kommune Naustdal Røde Kors Hjelpekorps løyve til å køyre med snøskuter i samsvar med søknad og vilkåra i dette vedtaket.

Vilkår :

1 : TIDSAVGRENSING PÅ LØYVET :

Løyvet gjeld frå 01.01.16 – 31.12.18 (3 år). Løyvet skal evaluerast før ei eventuell forlenging. Unntak her er søknader i Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde som i tillegg alltid skal handsamast av verneområdestyret for Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde etter *Forskrift om verneplan for Naustdal – Gjengedal. (FOR 2009-01-09 nr. 20)*

2 : TIDSPUNKT FOR KØYRING :

Løyvehavar skal planlegge og legge til rette slik at ein mest mogeleg kan unngå å køyre på sundager og andre heilagdaggar. Køyring skal ikkje skje i tida 24.12 – 01.01 og i tida 15.04 – 01.12. Unntak gjeld ved sein påske.

Oppkøring av skispor mellom Vonavatnet og Fosselvkråna skal skje etter vedtak / vilkår gjeve av Klima og miljødepartementet i sak datert 10.09.2014 (ref. 13 / 1056)

3 : KJENTMANNSKØYRING :

Løyve til kjentmannskøyring i dei mest vanlege turområda i kommunen. Dette gjeld for Vona, Heia, Hydalen og Åsedalen. Inntil 2 turar kvar vinter i kvart område innanfor tidsrammene gjevne i punkt 2 i vilkåra.

4 : UTSTYR :

Snøskuter til transportbruk skal alltid ha kjelke.

5 : SÅRBARE OMRÅDER :

All køyring inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde skal godkjennast av verneområdestyret for Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde etter *Forskrift om verneplan for Naustdal-Gjengedal (FOR 2009-01-09 nr 20)*

Det skal ikkje køyrast i områder der rein ferdast og det skal takast spesielt omsyn til reinen i kalvingstida.

Køyring skal så langt det er mogeleg skje langs ubrøyta veg. Elles skal køyringa foregå langs kortast mogeleg løype mellom startpunkt og mål for transporten.

6 : LØYVE FRÅ GRUNNEIGAR :

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps må sjølv skaffe seg løyve frå grunneigarane til å ferdast på deira eigedom.

7 : LOGG OVER KØYRING :

Det skal førast logg over all køyring i tråd med løyvet. Loggen skal innehalde : dato, tidspunkt, strekning, føremål med køyringa og ansvarleg sjåfør.

Loggen skal leverast til Naustdal kommune etter endt sesong eller på førespurnad.

8 : GENERELT :

- Løyvet skal takast med ved køyring.
- Sjåføren må ha førarkort.
- For å unngå skader på naturmiljø og ulemper for mennesker må køyringa føregå omsynsfullt og med aktsemd.
- Oppkøyring av skiløyper skal skje i samsvar med avtale mellom hjelpekorpsset og Naustdal kommune, evt. i samband med arrangement leia av Tambarskjelvar IL, Instedalen Skianlegg, Indre Sunnfjord Turlag eller andre aktuelle aktørar.
Oppkøyring av skiløyper / skispor mellom Vonavatnet og Fosselvkråna skal skje etter vedtak / vilkår gjeve av Klima og miljødepartementet (sjå punkt 2 i dette løyvet)

Kopi av vedtaket til :

- Øvre Naustdal Utmarkslag v / Normund Svoen.
 - Naustdal-Gjengedal LVO, v / verneområdeforvaltar Alef Erik Røyrvik.
-
